

Referat frå årsmøte i A/L Atløy 2013.

Stad: Kystmuseet i Sogn og Fjordane

Tid: Torsdag 31.januar 2013 kl. 18:00

Sak 1 Innkalling og sakliste. Innkalling var sendt til andelseigarar og kunngjort i avisene i Sogn og Fjordane.
Årsmøtet godkjende innkalling og sakliste.

Sak 2 Val av to personer til å skrive under møterefateratet. Per Grov og Ludvik Grytten vart valt til å skrive under referatet frå årsmøtet.

Sak 3 Årsmelding. Årsmeldinga vart lagt fram for årsmøtet og godkjend med dei endringar som vart gjort på møtet.

Sak 4 Omdanning av selskapsform - frå Andelslag til Foreining. Styret i AL Atløy fremja forslag til årsmøtet om at AL vert løyst opp. Oppløysing skal vidare stadfestast på eit ekstraordinært årsmøte som skal haldast 2. mars om bord på Atløy i Hardbakke.
Det vart gjort følgjande samrøystes vedtak: **Prosessen med å løyse opp Andelslaget Atløy vert sett i gong. Oppløysinga skal stadfestast på eit ekstraordinært årsmøte. På dette årsmøtet skal det velje eit oppløysingstyre som skal arbeide vidare med prosessen. Ekstraordinært årsmøtet skal haldast 2. mars om bord på Atløy ved kai i Hardbakke.**

Sak 5 Rekneskap og budsjett. Rekneskap og budsjett vart gjennomgått og godkjent samrøystes slik det låg føre.

Sak 6 Val. Valkomiteen forslø at sittande styre blir sittande til det blir danna ei ny selskapsform. Som følgje av at ein representant av styret har trekt seg ut av styret, vart Karl Johan Moldestad vald som nytt styremedlem fram til nytt val.

I val av valnemnd vart Leif Kvalvik og Johan Toft attvald. Per Grov vart vald som tredje medlem i valnemnda.

Vedtak: Alle framlegg vart samrøystes godkjende.

Styret fram til danning av ny selskapsform vert då som vist under.

Styremedlemmer:	Vigleik Færøy Ragnarud 41, 6900 Florø	tlf. 97518971
	Gunnar Hovda Fimlandsmarka 41, 6900 Florø	tlf. 57741383 tlf. 90837204
	Sander Ødelien Gaddevåggata 10, 6900 Florø	tlf. 9005 1867

	Ludvig Sandvik Furuhaugane 1, 6900 Florø	tlf. 95733014
	Karl Johan Moldestad Båtevika 30, 6900 Florø	tlf. 41635809
Varamedlemmer:	Per Færøy Færøy, 6926 Hersvikbygda	tlf. 57787727
Revisor:	Deloitte	
Valnemnd:	Leif Kvalvik, Johan Toft og Per Grov	

Sak 7 **Eventuelt** - Det var ingen saker på eventuelt.

Florø 31. januar 2013

Berit Høivik
skrivar

Per Grov

Ludvik Grytten